

Til Fylkesmannen i Hordaland, Plan og bygg, 5020 Bergen.

Sak nr. 14/5282

Tilleggsmerknader til klage «Områdeplan Fylkesveg 57 Knarvik-Isdalstø» og krav om ny alternativsutgreiing.

Viser til tidlegare innsendte klager til Lindås Kommune og telefonsamtale med Dykk om Lindås Kommune sin eigengodkjente områdeplan. Me ynskte eit møte med Dykk for å prøva å få fram moment , som me synes Lindås Kommune har sett forbi eller tilsynelatande handsama på ein overflatisk måte. Me vil også foreslå ei heilt ny og meir framtidsretta trafikkal løysing for Flatøy- Knarvik- Gjervik - Isdalstø-området.

Tilleggsmerknader

I sakspapira til utvalssak 170/13 for Plan- og miljøutvalet 04.12.13 og 106/13 for Kommunestyret 19.12.13 er momenta frå klagene våre lista opp. Prosjekteringsgruppa sin kommentar til våre klager i desse sakspapira viser, at dei ikkje har forstått og tatt på alvor hovudmomenta våre, både i høve til medverknad og konkret innspele i høve til foreslått trafikkløysing, utgreidd som alternativ G.

Alternativ G vart utarbeidd av konsulentfirmaet i januar 2013 etter ei innlevert skisse frå oss 22.11.12. Dette alternativet vart framlagt for og avvist i møte 24.01.13 i prosjekteringsgruppa, utan å ha avklara med oss på førehand om hovudtankane i skissa var rett forstått eller om me hadde nokon forslag til moment, som var mogleg å endra på. Me fekk såleis ikkje høve til å påverka denne avgjerdsla i det heile, då me først vart gjort kjent med denne i mars -13. Det viste seg då, at skissa var feiltolka. Mellom anna vart det nevnt i referat frå møtet 24.01.13, at skissa inneheldt kryss i plan mellom E 39 og Fv 57, noko som ikkje var tilfelle.

Me reagerer også sterkt på, at det tillegg står, at føremålet med denne løysinga i hovudsak var å spare dei 5 husa, som er foreslått rivne.

Skissa vart først og fremst utarbeidd ut frå eit ynskje om å få til ei heilskapleg, funksjonell og teknisk god framtidig trafikkløysing i Knarvikområdet.

Me viser elles til det me tidlegare har påpeika, spesielt om medverknad, feil og manglar, i merknadane våre av 15.02.12, 31.08.13 og 25.02.14.

Krav om ny alternativsutgreiing.

Me vil leggja fram ein ny tanke for totalløysing for ein ny områdeplan.

Grunna konturar av ei gigantisk trafikkmaskin, som er presentert i områdeplanen for vegsystemet i Knarvik, både for E39 og Fv 57, finn me det rett å peika på ei nyleg påkomen løysing, som vil separere gjennomgangs- og lokaltrafikken i Flatøy-Knarvik-Gjervik-Isdal-området på ein mykje meir framtidsretta og miljømessig betre måte enn føreliggjande plan.

Dette nye alternativet utset etter vårt syn aktualiteten for å byggja tunell på Fv 57, Knarvik- Isdalstø, slik det no er planlagt i byggjetrinn 1.

Me foreslår eit tunellalternativ frå Flatøy til Gjervik og med av- og på-ramping i tunell til Isdalstø frå Knarvik, med ei totallengde på ca 5,2 km. Ei undersjøisk løysing i Hagelsundet for E 39, Flatøy-Knarvik-Gjervik, vil verta ca. 3,5 km, og for Fv 57 ,Knarvik-Isdalstø, ca 1,7 km. Det nye framlegget føreset utbygging av heile tunellstrekka under eitt.

Ein annan stor føremun med dette framlegget er, at vil det vera tilstrekkeleg å byggje den nye tunell-løysinga med eit laup med midtdelar først og med eit mogleg nytt laup seinare. Dette kan vera mogleg fordi trafikken vil dela seg med lokaltrafikk på dagens vegsystem og gjennomgangstrafikk i det nye tunellanlegget.

Totalkostnadane vil på sikt vera mykje betre ved dette alternativet, og dei miljømessige inngrepa vil gje ei betre totalløysing både no og i framtida for både Flatøy og Knarvik-området.

Me ber med dette om at De tar klagen vår til følgje og vurderer det nye framlegget vårt, slik at heile planprosessens for trafikkløysing i Flatøy-Knarvik- Gjervik- Isdalstø-området, vert tatt opp til ny, grundig og heilskapleg vurdering i Lindås og Meland kommunar, før endeleg vedtak vert fatta.

Om dette ikkje let seg gjera, krev me å få ei ny seriøs utgreiing av den første skissa vår (alt. G) i områdeplanen.

Om det er mogleg, ber me om eit møte med Dykk med det første.

Kvarnsvåg 04.07.14

Venleg helsing

Gro H. Jordal og Arnljot Jordal